



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyllkja

Referat frå soknerådsmøte tysdag 22. august kl. 18:30 på kyrkjekontoret

Til stede: Jostein Husa, Per Børge Hillestad, Lars Svendsen, Olav Husa, Tone Sævi, Ragnhild Husa og Mia Etokebe.

Meldt fråfall: Erling Walderhaug og Anders Bergsland.

Saksliste

S39/17 Godkjenning av innkalling og referat -ok

S40/17 Skriv og meldingar

- Eventuelt sak: Liturgisk kveld, meldt av Per Børge Hillestad
- Nøkkelsystem frå Bergen låsservice er kome og må installerast. Jostein Husa og Lars Svendsen gjer dette på laurdag 26. august 2017.
- Vi har fått godkjenning frå bispedøme på dei nye leigesatsane og kan nå ta dei i bruk.
- Leiartrening for ungdomane - Felles med Austrheim, men Mia Etokebe kjem og til å ta dette med inn i ungdomsklubben.
- Kvardag og helg har frist 1. september
- Strandrydding er utsett og informert om. Vi blir med på felles strandrydding til våren.

S41/17 Frivilligheit i kyrkielyden

- Kyrkjeringen

Grete Herøy og Ingrid Nilsen var spesielt invitert til å være med oss på denne saken. Dei starta kyrkjeringen for vel 10 år sida for å få inn pengar til diverse prosjekter. Det starta med Koleraminnestaden. Basar er måten dei jobbar på, og det er mange prosjekter dei har fått på pass. Overføringa til sjukeheimen, nye stoler i kyrkja, nytt lydanlegg og det dei ønskjer å støtte nå er nytt universelt inngangsparti til kyrkja.

- 27. august – Kyrkjeringen arrangerer middag for alle i Fiskarheimen i forkant av gudstenesta kl. 15:00. Jostein Husa, Olav Husa og Lars Svendsen hjelper å bære bord og stoler laurdag 26. august kl. 10:00
- Dugnad – Vi ønskjer fleire inn i frivillighetsarbeidet. Vi veit vi har mange allereie, men det er så mange fleire som kan bidra inn i til dømes gudstenesta (gudstenesteutval), kyrkjekaffi, barne- og ungdomsarbeid, diakoniarbeid. Ingrid Nilsen deler erfaringar og seier



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

det var ikkje nokon som sa blankt nei. Spør i god tid og spør også medlemmer uavhengig om vi ser dei i kyrkja ofte eller ikkje.

Eit gudstenesteutval kan bestå av prest, organist og ein frivilligheitskordinator (ein i soknerådet, kyrkjevevje eller eit medlem med engasjement). Per Børge Hillestad har ein person han ønskjer å invitere inn i eit gudstenesteutval, vi stemte over om han skulle gjere det. Det var 5 stemmer for og 1 mot.

Vi snakka om at vi vil bruke kvardag og helg til å presentere dei ulike kor og lag vi har i kyrkjelyden vår. Gjerne besøke dei, ta eit intervju og presentere dei ein i kvart nummer framover. Dette kan og hjelpe oss i arbeidet med å sette frivilligheita i eit system for å få betre oversikt over kva som røytrar seg av frivilligheit på øya vår.

Soknerådet kan og aktiverast på ein anna måte med konkrete oppgåver. Kyrkjekaffi kan gå på omgang mellom kor og lag når vi har fått oversikt på kven som ønskjer å bidra meir. Mia K. Etokebe jobbar vidare med å få oversikt over det frivillige arbeidet på Fedje.

Medarbeidarfest vart og nemnt som ein god måte å sjå dei frivillige og feire suksess ilag. Dette bør vi få til årleg, som det ble gjort tidligare.

- Godheitsdag – Vi tek den med vidare som eiga sak på neste møte.
- Evaluering av sommarope og gudstenesta 9. juli – Begge deler var suksess til gjentakning. At døra fysisk sto ope trakk mykje meir folk! Takk til den som starta den trenden. Det har vore folk frå heile verda innom kyrkja vår og dei skryt av kor vakker den er og kor flott den ligg. Dei kallar den majestetisk.
9. juli jazza Kjell Bergsvik og hans dotter, Kristin for 85 frammøtte til gudstenesta. Det var ei super gudsteneste som ramma inn fiskefestivalhelga på ein fin måte.

S42/17

Givarteneste

Framdriftsplan. Korleis kan vi nå målet om 122.000 kroner i fast givarteneste?

Vi må starte no og målet er å få 10 faste som kvar gir 1000,- kr månaden før jul. Kyrkjevevje tek kontakt med Jostein Hauge ang. utarbeiding av brosjyrar tilpassa Fedje. Vi vil ha eige fond. Og vi vil at folk skal vite kva pengane går til. Vårt ønskje er at Per Børge Hillestad tek 25% meir på Fedje og vert vår kyrkjelydsprest og får vi det til kan vi ha gudsteneste kvar 14. dag, meir ungdomsarbeid og meir fokus på frivilligheit.

S43/17

Val av ny soknerådsleiar



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyllrkja

- Jostein Husa gjekk av som leiar og vi har ikkje valt ny leiar. Neste møte starter med val av ny leiar.

S44/17

Eventuelle saker

- Liturgisk kveld – Mia spør Kåre Berge og Grete Herøy om dei kan tenkje seg å lage til ein slik kveld i haust. Gjerne i løpet av september, sida vi ikkje har gudsteneste da.
- Bibeltimar over Johannes openberring. Tre kveldar i haust: 28. september, 12. oktober og 26. oktober. Det starter med 40 min i kyrkja med undervisning, så i bedehuset for mat og siste økt med undervisning. Marit Gullaksen og Jostein Husa har sagt seg villige til å lage mat. Det er fint om fleire bidrar.

Referent: Mia K. Etokebe